



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 13.04.2016

Sak nr.: 16/2313-3

Internt l.nr. 13097/16

Sak: 31/16

Tittel: Stad skipstunnel - mogleg hurtigbåtsamband

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkeskommunen vil på eit seinare tidspunkt ta stilling til ev. etablering av nye hurtigbåtsamband som følgje av realisering av Stad skipstunnel.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkeskommunen ser potensiale i ein hurtigbåtforbindelse for passasjertrafikk mellom Bergen og Ålesund når Stad skipstunnel vert opna.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ynskjer, saman med nabofylka, kommersielle partar og Foumiljø, ei utgreiing av ein slik hurtigbåtforbindelse. Her må ein mellom anna sjå på marknad, finansiering, kapasitet og frekvens.

Med Stad skipstunnel på plass vil det opne for mulegheiter for ei sjøgåande transportrute mellom Norge og Europa. Dette vil vere eit viktig bidrag til målsetjinga om å få meir gods frå veg til sjø og bane.

Fylkeskommen vil seinare ta stilling til mogeleg etablering av nye hurtigbåtsamband som kan realiserast etter at Stad skipstunnel vert opna.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkeskommunen ser potensiale i ein hurtigbåtforbindelse for passasjertrafikk mellom Bergen og Ålesund når Stad skipstunnel vert opna.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ynskjer, saman med nabofylka, kommersielle partar og Foumiljø, ei utgreiing av ein slik hurtigbåtforbindelse. Her må ein mellom anna sjå på marknad, finansiering, kapasitet og frekvens.

Med Stad skipstunnel på plass vil det opne for mulegheiter for ei sjøgåande transportrute mellom Norge og Europa. Dette vil vere eit viktig bidrag til målsetjinga om å få meir gods frå veg til sjø og bane.

Fylkeskommen vil seinare ta stilling til moglege etablering av nye hurtigbåtsamband som kan realiserast etter at Stad skipstunnel vert opna.